



Karl Anders Stene
Veråsvegen 105
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2158 - 18/25162

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
21.08.2018

Førebels svar på søknad med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 108/2 Lindås

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr: 108/2 Veråsvegen 91
Tiltakshavar: Karl Anders Stene

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.07.2018.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon.

Eigedomen ligg i område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til byggeområde for bustadar. Det er eit generelt krav i byggeområda om utarbeiding av reguleringsplan før tiltak etter plan- og bygningslova kan godkjennast.

Den nye eigedomen ligg innanfor 100-metersbeltet langs sjø og frådelinga vil også verta råka av det generelle byggjeforbodet i strandsona, jf plan- og bygningslova (pbl) § 1-8.

Søknaden vil følgjeleg krevja at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå plankravet i punkt 1.1 i kommuneplanen sin arealdel og pbl § 1-8 før frådelingsøknaden kan takast til handsaming.

Søknad om dispensasjon er ein skriftleg, grunnlagt søknad. Vi legg ved eit informasjonsark om dispensasjonar til orientering.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.10.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.



Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

dispensasjon

Kopi til:

Karl Anders Stene Veråsvegen 105 5955 LINDÅS

Mottakarar:

Karl Anders Stene Veråsvegen 105 5955 LINDÅS